



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Kviteseid Sokneråd**

## **Referat frå Kviteseid Sokneråd**

Torsdag, 22.august 2024, kl. 18.00

på kommunehuset

**Innkalling:** Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Sigrun Lønning Solvang (sokneprest) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje). Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant)

1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid,

Innkallinga vert og sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), Geir Helge Susort (3.v.), Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.), som møter viss dei får særskilt melding.

Fråver: Dagfinn Køhn, Anne Oddny Foldøy og Tarjei Draugedal

Opningsord ved sokneprest Sigrun Lønning Solvang

Beverting ved Trond Fjågesund

Oversikt over saker:

<b>SR-sak 29.24 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>
<b>SR-sak 30.24 FR</b>	<b>Post og meldingar</b>
<b>SR-sak 31.24 FR</b>	<b>Prostidiakonen – utvida stilling</b>
<b>SR-sak 32.24 SR</b>	<b>Økonomisaker</b>
<b>SR-sak 33.24 SR</b>	<b>Presteressursane og endra forordning</b>
<b>SR-sak 34.24 SR</b>	<b>Ny trusopplærar</b>
<b>SR-sak 35.24 SR</b>	<b>Komitear</b>
<b>SR-sak 36.24 SR</b>	<b>Eventuelt</b>

<b>SR-sak 29.24 FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>	<b>MS</b>
<p>Innkallinga til dette møtet vert sendt ut på e-post 15. eller 16 august 2024 til</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• medlemmer og varamedlemmer i Kviteseid sokneråd</li><li>• revisor og prost til orientering.</li></ul> <p>Merknader til innkalling eller saksliste? Saker til eventuelt?</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.</p>		

SR-sak 30.24 FR	Post og meldingar	MS
<p><b>1. Arrangement sidan sist SR:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. 28. juni i Kviteseid kyrkje stor oppsetting og godt besøkt: Duke Ellingtons Sacred Concert med Kongsberg Storband og Anne-Carolyn Schlüter</li> <li>b. Kveldsandaktar i Gamlekyrkja kvar torsdag i juli ved fungerande sokneprest Dag Harald Undheim, og organistvikarar.</li> <li>c. Olsokmessa i Gamlekyrkja måndag 29. juli var godt vitja. Jon Ingebretsen arrangerte vandring frå Vrådalen langs den gamle kyrkjevegen.</li> <li>d. Vigslingsgudsteneste i Kviteseid kyrkje sø.11. august kl. 11.00 for vår nye sokneprest Sigrun Lønning Solvang. Soknerådet laga til fest på Misjonshuset etter messa. Lisbeth Farmen Aabø leier festen.</li> </ul> <p><b>2. Planlagde arrangement:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Babysang er i gang igjen. Frivilligsentralen ved Cecilie A Hosum er blitt med som medarrangør, og frå kyrkja blir det soknepresten og organisten. Oppstart blir 22.aug. kl. 11. Det blir fleire torsdagar i månaden. Stad: Misjonshuset. Kontakt Olav Holm eller Cecilie A. Hosum. Det er mange nyfødde i Kviteseid for tida.</li> <li>b. Førermiddagstreff på Misjonshuset kl. 11.00 (arr: Diakoniutvalet): 25.sept., 23.okt., 20.nov.</li> <li>c. Språkkafe i haust blir 18. sept., 23. okt., 13. nov. og 11. des., alle på Misjonshuset.</li> <li>d. Felleskyrkjeleg SANGMØTE 29.sept. kl. 18.00 i Kviteseid kyrkje. Besøk av Morten Samuelsen</li> <li>e. Nytt konfirmantkull- og år startar nå i september.</li> <li>f. Andaktar på KOS og Midtsundtoppen er avtala for hausten.</li> <li>g. AU og SR resten av 2024: AU 19.sept. og 6.nov., SR 3.okt.(vara må lede) og 21.nov.</li> <li>h. Konfirmant kick-off i Kviteseid 25.okt, og med Ønsket&amp;Elsket i Seljord 26.okt.</li> <li>i. Stiftsdag i Kristiansand (annakvart år, i år berre ein dag): 29.okt.</li> <li>j. Kyrkjelydsbasar på Misjonshuset laurd.30.nov. kl. 10-14</li> <li>k. Adventskonsert m/graust, Kviteseid kyrkje onsd.4.des. kl.11.00</li> <li>l. ADVETSKONSERT med alle kor og hornmusikken: sø.15.des. kl. 17.00 i Kviteseid Kyrkje</li> </ul> <p><b>3. Ombygging og fornying av kyrjekontoret er ferdig.</b> Kontor til soknepresten er blitt nesten dobbelt så stort som før, og har fått plass til møtebord for heile staben og div. komitémøte. Kontoret har fått betre lydisolering, nye fargar og nytt golv. Kontoret til trusopplærar er blitt flytta og slege saman med eit lagerrom. Her er det og nye fargar og nytt golv. Dette fekk litt av nabokontoret, så kyrkjevevja har fått litt mindre kontor, men er nøgd. Fellesareala vil bli rydda og møblert av staben i fellesskap.</p> <p><b>4. Arbeidet med minnelunden har enda ikkje starta.</b> Staben har ikkje fått tid til verken å gjere arbeidet sjølv, eller fått andre til å gjere det. Det er framleis håp om å få koma i gang og kanskje bli ferdig ila hausten.</p> <p><b>5. Trusopplæraren sa opp si stilling 20. juni.</b> Sjå eiga sak. Soknerådsleiar informerte soknerådet på mail.</p> <p><b>6. SR 19. juni vart avlyst</b> grunna sjukemelding hos kyrkjevevja frå 6. juni og ut månaden (netthinneløysing). Leiar Marit Sørby skreiv mail til SR. Ho inviterte samstundes til deltaking i komité for vigslingsfest 11. aug. og fekk god respons. Leiar for komiteen var Marit. S.</p>		

7. **Ønsket og Elsket** skulle vore på det nemnte møtet. Leiaren der kjem til vårt møte 3. oktober.
8. **Referat:**
- Kulturutvalet 4. juni ligg ved. I deira sak 9/24 er det mellom anna snakk om eit jubileum for hornmusikken. Det er i 2025 når dei har 100 års jubileum.
  - Trusopplæringsutvalet 11. juni. Framtida til sundagsskulen må drøftast meir, men vi skal kanskje vente til vi får på plass ny trusopplærar.
  - Stabsmøte 7. aug.
9. **Møte med trussamfunna i prostiet.** Kyrkjevevjerlaget og prosten inviterte alle trus- og livssynssamfunna i prostiet til møte. Det vart halde i Rjukan. Få inviterte valde å koma, men det vart nyttige samtaler rundt gravferdshandteringar i prostiet. Kyrkjevevjerja i Kviteseid var forhindra frå å delta..
10. **Ny nettside for alt med gravlegging og gravplassar** er utarbeidd av dei forskjellige aktuelle bransjene: myndighetene, gravplassforvaltningane i kommunane ved kyrkjevevjerlaget, Hovudorganisasjonen KA og gravferdsbyråa. Nettstaden gravplass.no blir ei startside der alle kan finna fram til sin lokale gravplassmyndighet med all naudsynt informasjon. Sjå [artikkel frå KA](#) og korleis nettsida ser ut i [Notodden](#) som allereie har teke den i bruk. Etter kvart blir det og digitale kart for alle gravplassar som folk kan søkje på. Vi har ingen slike kart pr i dag. Parallelt med dette arbeider Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark med nytt system for digital gravferdsmelding. Statleg gravplassmynde for heile landet er lagt til denne Statsforvaltaren. Kyrkjevevjerja ynskjer å sette i gang med dette når han får kapasitet. Det er nok ein liten kostnad, men den må vi ta.
11. **Neste Kyrkjeblad** er sendt til trykkeriet for oppsett og trykking. Vi fekk med stoff og bilete frå vigslinga. Så bruker trykkeriet og posten lang tid, så bladet kjem ut i veke 37, frå 9.9. Ferdig blad i pdf vart vist.
12. **Ny maskintralle er på plass 30.07.** (ref. tidl. SR-sak). Den gamle er tatt i innbytte (ca 35.000) og den nye kosta i tillegg 68.000 + mva. Grunnen til innbytte var for å få plass til minilastaren (Kramer 350) på hengaren. Den går berre 25 km/t og det er unødvendig mykje slitasje på den for køyring til Vrådal. Brunkeberg er ok på landevegen, men vi har aldri kunna bruke den i Fjågesund og Kilen.
13. **Hassvikvegen i Fjågesund er etter kommunestyrevedtak privatisert.** Vegen går frå krysset og ned til brygga. Kviteseid sokn er brukar av vegen, og dermed andelseigar. Jordskifteretten har etter møte 31.05.2024 gjort vedtak om kor mykje kvar part brukar vegen. I forslag til jordskifteavgjerd datert 20.06.2024, har Kviteseid sokn 4,5 % andel i veglaget og 7 % andel av vintervedlikehaldet. Jordskifteretten har laga forslag til vedtekter for veglaget. 5 fastbuande har sendt inn klagebrev på dette forslaget, der dei fleste hadde fått 19 % eigar-andel. Dei meiner dette er urimeleg, og ynskjer 10 % på alle. Kyrkjevevjerja la difor og inn ein merknad innan fristen 22. aug., der han meiner 4,5 % synes rettferdig, men der kyrkja kan godta 10 %, av omsyn til godt forhold til naboane.
14. **Større skjerm til prestens kontor.** AU hadde sitt første møte på prestens nye kontor, og støttar tanken om å få opp ein større TV-skjerm/ monitor der, for å kunne vise saker og dokument på skjermen, og på den måten få betre oversikt og spare noko kopiering/papir.
15. Biskopen skal ha visitas i Kviteseid i 2025. Tidspunkt blir truleg 2 dagar i siste veke av februar.

*Denne saka er handsama i AU-sak 08.24*

Diakonisasamarbeidet i Vest-Telemark har i 2025 40 års jubileum.

Styret for Diakonaten i Vest-Telemark gjorde i februar 2024 vedtak om å styrke stillinga til prostidiakonen med 20 %, mellom anna for å få på plass ein som kan vere ferievikar (og for å bli kjend med alt det gode arbeidet prostidiakon Eilev Erikstein har gjort og framleis gjer i våre 5 kommunar).

Årsmøtet for Diakonaten 7. april fatta så vedtak slik at vertsfellesrådet (Tokke) kan finansiere ein stillingsressurs tilsvarende 20 % diakon frå budsjettåret 2025. Det var stor interesse og semje for denne saka hos dei fram møtte på årsmøtet. Diakoniarbeidet er veldig godt og viktig, ikkje berre for kyrkjelydane, men også for alle kommunane sine innbyggjarar.

Ein slik auke krev då auke i overføringar frå samarbeidande sokneråd (Fyresdal, Kviteseid og Nissedal) og fellestråda i Tokke og Vinje. Gamle avtalar treng ikkje fornyast eller endrast.

Rettssubjektet Den Norske Kyrkja og Agder og Telemark bispedøme er så pressa økonomisk at det er lite sannsynleg at dei kan bidra på same måte som dei gjorde då diakonistillinga vart etablert, då dei finansierte 50 % av stillinga.

Ein 20 % auke i stillingsressurs utgjer for 2025 kr 207.000 inkl. sosiale utgifter.

Kostnadsfordelinga mellom kommunane er etter folketalet.

Kviteseid sin del av auken blir då kr 45.235, ein auke på 38 % frå dagens kostnad.

Soknerådet i Kviteseid blir bede om å avklare følgjande:

1. Om ein slik auke i diakonal ressurs er aktuelt / ynskjeleg
2. I tilfelle om det blir budsjettert med frå 2025, eller seinare (søknad til kommunen om tilsvarende auke i rammetilskotet til soknet)
3. I tilfelle om kyrkjevevjerjane i samarbeidsområdet kan få fullmakt til å finna framtidig organisatorisk plassering av stillinga, og
4. Eventuelt gje innspel til kva for lokale diakonale tiltak som bør prioriterast innanfor ramma av ei 20 % stilling

**Vedlegg:** Brev frå Tokke kyrkjelege fellestråd, datert 19. juli 2024

#### **Forslag til VEDTAK i AU:**

AU går heil hjarta inn for alt dette og oppmodar soknerådet til å gjere positivt vedtak i denne saka.

#### **VEDTAK i AU:**

AU går inn for alt dette. 1:Auke i ressursen er ynskeleg, 2: vi budsjetterer med dette frå 2025, og 3: kyrkjevevjerja får fullmakt til å drøfte organiseringa med dei andre aktuelle, men vi meiner det er naturleg at Tokke tar denne utvidinga og.

#### **Forslag til VEDTAK i SR:**

Soknerådet vedtek: Auke i ressursen til prostidiakonen er ynskeleg, utvidinga blir budsjettert med frå 2025, og kyrkjevevjerja får fullmakt til å drøfte organiseringa med dei andre fellestråda i Vest-Telemark, men SR meiner det er naturleg at Tokke blir vertsfellesråd for denne utvidinga og, på same måte som dei er for prostidiakonen i dag.

#### **VEDTAK i SR:**

Soknerådet vedtok samrøystes at ein auke i ressursen til prostidiakonen er ynskeleg, utvidinga blir budsjettert med frå 2025, og kyrkjevevjerja får fullmakt til å drøfte organiseringa med dei andre

fellesråda i Vest-Telemark. SR meiner det er naturleg at Tokke blir vertsfellesråd for denne utvidinga og, på same måte som dei er for prostidiakonen i dag.

**SR-sak 32.24 FR**

**Økonomisaker**

**KS**

*Denne saka er handsama i AU-sak 09.24*

Rekneskapen til Kviteseid sokn er i nokre år nå blitt ført i Nissedal kommune. Soknet følger Kviteseid kommune si rekneskapsføring. Ingen av kommunane har vore tilfredse med ordninga, så rekneskapen for oss (og kommunen) er no på veg tilbake til Kviteseid. Lønskøyning skal halde fram frå Nissedal. Fakturahandsaming er allereie overført til Kviteseid.

Frå mai 2024 starta kommunane med nytt rekneskapssystem og nye kontoplanar. Samstundes starta arbeidet med å digitalisere rekneskapsføringa slik at vi slepp å gå om papir, manuell kontering og sending av papir til Nissedal.

Frå juni var det på plass at kyrkjevevja konterer digitalt (faktura-flyt), og litt etter litt kjem nye rutinar på plass. Moglegheit for EHF har forenkla mykje. Frå veke 34, 19.8.24, har Kviteseid overteke alt, unntaka løn. Ny rekneskapsfører for oss og kommunen, er Oksana Kharchenko frå Vrådal (og Ukraina)

Fakturering via kommunen er på plass for enkeltfakturaer i små mengder, men hovudfakturering av festeavgifter er enda ikkje mogleg via kommunen, så det som burde vore fakturert i mars-april, er enda ikkje gått ut. Det skal koma på plass i august, seier fagfolka.

Budsjettering via det nye systemet er ikkje klart for oss enda, så budsjettarbeidet for Kviteseid sokn for 2025 er framleis via Excel.

**Vedlagt ligg forslag til Driftsbudsjett for 2025**, sett opp på ein litt annan måte enn tidlegare, og etter ny kontoplan. (Kolonnane for rekneskap 2023 og 22, og budsjett 2023 er ikkje 100 % korrekte, men så nært opp til det som kyrkjevevja fekk det til med overføring til ny kontoplan. Brutto resultat på budsjett skulle vore 0 (null), i balanse)

#### **Kostnader:**

I forslaget er det lagt inn den løna alle tilsette har i dag etter den store auken på 5,6 % i 2024. Vidare er det tatt høgde for lønsauke på 3,0 % i 2025 (for kyrkjevevja ein auke på 5,5 % frå 2025, men det skal det forhandlast om lokalt) Løn og sosiale utgifter utgjer i dette budsjettet 64 % av samla kostnader. Dei andre kostnadane er justert etter prisauke og behov, som til dømes 'Ønsket og Elsket' som har varsla auke.

#### **Inntekter** (Dette avsnittet vart retta litt under møtet):

Auken i tilskot frå kommunen er og lagt inn med 3,29 % (kr 128.000). Dette inkluderer ikkje auken på 20 % stillingsressurs for prostidiakon, noko som for Kviteseid sin del utgjer kr 45.500. (Sjå AU-sak 03.24). Saman med denne stillingsauken, er tilskotet frå kommunen 4,46 %.

Prognosane for festeavgifta er framleis låg. Fyrst i 2026 er det forventet ein betydeleg auke i festeavgifter, noko som kjem igjen kvart 5. år.

Tenesteytingsavtala er regulert til kr 398.000, ein auke på 5.0 %, sidan den ikkje vart regulert frå 2023 til 2024. Der kan godt kommunen legge inn fast auke kvart år i takt med kpi.

**Investeringsbudsjettet for 2025** er det vanskeleg å arbeide med fordi det er så mange usikre faktorar.

På budsjettet for 2024 har vi kr 500.000 etter lova tilskot frå kommunen. Dette var vedteke brukt til Minnelund på Kviteseid kyrkjegard (kr 150.000), og meir arbeid med blyglasa i Kviteseid kyrkje.

So er regjeringa sitt Kyrkjebevaringsprogram starta opp no i 2024. Det er snakk om 10 mrd. kr som skal brukast dei neste 20-30 åra. I 2024 er det sett av 100 mill.kr, og desse blir det stor rift om.

Søknadsfristen er 11. august 2024. Dei som blir prioritert no, er dei som allereie har 'gryteklare'

prosjekt, ferdig utarbeidde forprosjekt, og hovudprosjekt som allereie er i gang, og der det vil bli kostnadar i 2024. Prosjektet med blyglasa i Kviteseid kyrkje er eit slikt prosjekt. Der er rundt rekna halvparten av prosjektet ferdig. Ein føresetnad for å få tilskot til slikt som dei kallar 'små prosjekt', er at kommunen må garantera for 50 % eigenfinansiering. Kor stor denne delen vil bli, veit vi ikkje før glasmeister Krossøy i Kviteseid har gjort ei berekning. (Krossøy er nå saman med 3 andre i Noreg, i eit utdanningsløp for å spesialisera seg på arbeid med blyglas med tanke på dette kyrkjebevaringsprogrammet.) Søknaden må på plass før 10. august. Vonar det er klart til AU 8. aug. Avtaler er gjort med Krossøy.

Til prosjekt kyrkja i Vrådal, har kyrkjevevja til no ikkje fått tak i nokon (konsulent/ konsulentfirma) som kan lage til forprosjekt for seinare hovudprosjekt. Nyare kyrkjer som denne, av tre, er heller ikkje prioritert i kyrkjebevaringsprogrammet no dei fyrste åra.

Det kjem ny runde for hovudprosjekt for 2025 den 15.sept. 2024, så vi har framleis anledning til å lage eit forprosjekt i 2024, for hovudprosjekt i 2025, men det er urealistisk å få til. Kyrkjevevja foreslår heller å lage til forprosjekt i 2025 for hovudprosjekt for 2026 eller seinare. Kyrkjevevja ynskjer at det hovudprosjektet skal omfatta nytt utvendig undertak (ny papp, sløyfer og lekter under eksisterande skiferstein), ny eller rehabilitert ytterdør, tette veggjar og tak for gjennomtrekk og støv, måle over bare flekker på veggjar inne, og måle kyrkja utvendig. Vrådal kyrkje er 140 år i 2027.

**Vedlegg:** *Drift 2025 (=Driftsbudsjett for 2025)*

*Bilde frå Vrådal kyrkje*

### **Forslag til VEDTAK i AU:**

AU oppmodar soknerådet til å vedtaka det framlagde forslaget til driftsbudsjett for 2025. Investeringsplanen for 2025 og vidare kjem seinare. AU oppmodar til å få inn resten av blyglasa i Kviteseid i 2024/2025, og rehabilitering av Vrådal kyrkje i 2025/2026.

### **VEDTAK i AU:**

AU oppmodar soknerådet til å vedtaka det framlagde forslaget til driftsbudsjett for 2025.

AU ynskjer at arbeidet med å få på plass ny tett hovud-dør i Vrådal prioriterast høgt.

(Førespurnad er sendt til Audun Hauglid 9/8)

Investeringsplanen for 2025 og vidare kjem seinare. AU oppmodar til å få inn i Investeringsplanen resten av blyglasa i Kviteseid i 2024/2025, og rehabilitering av Vrådal kyrkje i 2025/2026.

### Oppdatering av desse sakene:

Krossøy greidde ikkje å levera noko angående blyglasvindauga i Kviteseid i tide, så det vart ikkje mogleg å senda søknad til kyrkjebevaringsprogrammet innan fristen 11. august. Kriteria var og svært strenge i form av mykje dokumentasjon som måtte på plass for at søknaden skulle kunne bli vurdert. Søknad må vi difor prøva å få klar til ny søknadsrunde for 2025.

Det er og kome ynskje via staben om eit nytt golvteppe til kyrkja i Vrådal. Det grønne 'veranda'-teppet som ligg der no, er veldig vanskeleg å halde reint. Alt festar seg til teppet. Tilbod på nytt teppe er henta inn frå Bo-senteret i Seljord. Tilbodsprisen for 2x15 m er 50.000 kr. Golvet inkl. trappene og fram til altarringen, samt våpenhuset, er 16,5 m. I tillegg kjem eventuelt inni altarringen på 6,5 m2 der det og ligg grønt teppe i dag. Dette blir samla 40 m2 med ein kostnad på kr 66.000 inkl. mva.

Soknerådet må vurdere om dette skal innarbeidast i driftsbudsjett for 2025. Det ligg ikkje inne i forslaget. (bilde frå Vrådal ligg som vedlegg). Leveringstid for teppet er 4-5 månader.

Kyrkjevevja minner og om at tidlegare anslag for ny ytterdør i Vrådal, var på kr 30.000. Kyrkjevevja har no bede om konkret tilbod frå Hauglid Trevare. (Det var Hauglid som m.a. har laga ny innreiing i sakristiet i Vrådal i 2023, teknisk pult til Kviteseid kyrkje for nokre år sidan, og barnas kapell i

Kviteseid for rundt 10 år sidan). Pris i dag, 22.8. på ny og rimelegare type teppe, som dessutan er endå enklare å halde reint, kan vere rundt 20 % rimelegare. Total pris vil då bli rundt 53.000.

### **Forslag til VEDTAK i SR:**

Soknerådet vedtek det framlagde forslaget til driftsbudsjett for 2025, og ber kyrkjeverja inkludere kostnadane til ny ytterdør i Vrådalen i same budsjett. Nytt teppe i Vrådalen kyrkje kan bestillast når det er samla inn minst kr 50.000 frå andre kjelder.

Investeringsplanen for 2025 og vidare må soknerådet koma tilbake til. SR oppmodar kyrkjeverja om å prioritere vidare arbeid med

1. søknad og finansiering for å få ferdig blyglasa i Kviteseid snarast mogleg, og
2. å finna konsulentfirma som kan lage forprosjekt for rehabilitering av taket i Vrådalen kyrkje, og sende søknad om finansiering av dette.

### **VEDTAK i SR:**

Soknerådet vedtok samrøystes det framlagde forslaget til driftsbudsjett for 2025.

Soknerådet vedtok og at ny ytterdør og nytt teppe på golvet i Vrådalen kyrkje vert eit samla investeringsprosjekt i 2024 viss varene kan leverast dette året. Alternativt at det blir innarbeidd i investeringsplanen for 2025.

Andre prosjekt på investeringsplanen for 2025 og vidare, må soknerådet koma tilbake til. Soknerådet ber kyrkjeverja om å prioritere vidare arbeid med

1. søknad og finansiering for å få ferdig blyglasa i Kviteseid snarast mogleg, og
2. å finna konsulentfirma som kan lage forprosjekt for rehabilitering av taket i Vrådalen kyrkje, og sende søknad om finansiering av dette.

**SR-sak 33.24 SR**

**Presteressursane og endra forordning**

**MS**

*Denne saka er handsama i AU-sak 10.24*

Brev frå Prost Asgeir Sele, datert 11.06.2024:

#### **Stram økonomi, kutt i presteressurs og midlertidig justering av gudstenesteforordninga**

Som det går fram av vedlagte brev frå biskop og stiftsdirektør, har bispedømmerådet sett seg nødd til å kutta i talet på tilsette i bispedømmet grunna stram økonomi. Det er avgjort at eitt av desse årsverka skal kuttast i prostiet vårt. Det er ikkje mogeleg å gjere eit så stort kutt ved å ramma berre éin kommune si presteneste. I prosessen fram mot den modellen som er valt, har det vore fleire rundar med dialogmøte med prestane sine tillitsvalte og allmøte mellom prestane. Resultatet er at det blir justeringar i prestenesta i dei fleste sokna i prostiet.

For Kviteseid sin del vert det ikkje gjort noko endring i presteressursen, så denne vil halda fram som 1 årsverk.

Ingen skal seiast opp, så det vil måtta bli ein del overgangsordningar før endeleg stillingsplan kan innførast ved naturleg avgang. Mellombels løysing første året, kjem ikkje til å omfatta Kviteseid. Når permanent stillingsplan vert innført, for dykkar del frå sommaren 2025, vil kviteseidpresten gjere 75% stilling presteneste i Kviteseid og 25% stilling presteneste i Seljord, medan nissedalspresten skal gjere 25% presteneste i Kviteseid.

Normtalet for gudstenester per prest per år er i vårt bispedømme 52. Sidan de skal ha eitt årsverk presteressurs, vil det tilseie at de også kan ha 52 forordna gudstenester. Det betyr at dei ekstra gudstenestene som for eit par år sidan vart lagt til Vrådalen, no må falla bort. Når me no skal gå igjennom alle gudstenesteforordningane i prostiet, er det naturleg å nytta høvet til å sjå over om fordelinga mellom kyrkjene er fornuftig. Endring i gudstenesteforordning er ein omfattande prosess der sokneråda og fellesrådet vert bedne om å gje uttale og sende denne tenesteveg via sokneprest og prost til biskopen. Både sokneprest og prost vil så leggje ved si påteikning før saka vert sendt biskopen for avgjerd. **Frist for sokneråd og fellesråd til å uttala seg er 15. september.**

Å justere ned talet på stillingar er alltid ein smertefull prosess. Det er difor viktig at me står saman om å finna dei beste løysingane både for kyrkjelydane og dei tilsette i baa arbeidsgjevarlinjer.

Beste helsing

**Asgeir Sele**

prost d

Kyrkjeverja har streka under det som er ‘oppdraget’ vårt i Kviteseid i denne saka nå, nemleg å vurdere framlegget til forordning av gudstenester i Kviteseid (sjå meir forklaring i vedlegga) Framlegget er likt det vi har i dag, men utan dei 3 ekstra vi har hatt nokre år i Vrådal.

**Vedlegg:**

*Saksprotokoll 30042024 frå Agder og Telemark Bispedømmeråd*

*Stram økonomistyring i bispedømmet*

*Gudstenesteforordning i Kviteseid (den gjeldande)*

*Framlegg til forordning Kviteseid*

**VEDTAK i AU:**

AU har drøfta saka og ynskjer ei lita endring i dei forordna gudstenestene.

Kviteseid 22, Brunkeberg 10, Vrådal 10, Fjågesund frå 6 til 5, Kilen 2 og Kviteseid gamle kyrkje frå 2 til 3, der den 3. er Olsok-messe. I tillegg kjem skulegudstenester, felles diakonisundag med andre i Vest-Telemark, og eventuell ljosome saman med Kvitsund.

I brevet frå prosten går det og fram at den ekstra gudstenesta i Vrådal 6. okt. fell bort. Det har staben notert seg.

Denne saka kunne med fordel vore drøfta i gudstenesteutvalet fyrst, men det har vi ikkje fått til no med oppstart av ny sokneprest, og med fristen SR har for å koma med ei uttale.

**Forslag til VEDTAK i SR:**

Soknerådet har drøfta saka og ynskjer ei lita endring i den gjeldande gudsteneste-forordninga.

Soknerådet ynskjer at det skal vera 22 i Kviteseid, 10 i Brunkeberg, 10 i Vrådal, Fjågesund 5 (påske, 17.-mai, haust og jol, og ei til), Kilen 2 (sommar og jol), og Kviteseid gamle kyrkje 3 (forsommar, Olsok og ettersommar).

**VEDTAK i SR:**

Soknerådet har drøfta saka og ynskjer ei lita endring i den gjeldande gudsteneste-forordninga.

Soknerådet ynskjer at det skal vera 22 i Kviteseid, 10 i Brunkeberg, 10 i Vrådal, 5 i Fjågesund (påske, 17.-mai, haust og jol, og ei til), 2 i Kilen (sommar og jol), og 3 i Kviteseid gamle kyrkje (forsommar når Bygdetunet har sesongopning, Olsok og på Kviteseid dagen i august). Dette blir samla 52 forordna gudstenester. I tillegg kjem skulegudstenester, eventuell ljosome i gamlekyrkja saman med Kvitsund og felles diakonisundag med andre i Vest-Telemark (som går på omgang).

**SR-sak 34.24 SR**

**Ny trusopplærer**

**MS**

*Denne saka er handsama i AU-sak 11.24*

Trusopplærer Knut Ove Lofstad sa 18. juni opp si stilling som trusopplærer i Kviteseid sokn. Etter eit par dagar til avrunding av oppgåver, og uttak av all ferie, vart han *løyst frå arbeidsplikta for resten av oppseiingstida på 3 månader.* Knut Ove har vore trusopplærer i soknet i 4 år.

I samråd med leiar av soknerådet, utarbeidde kyrkjevevja tekst til utlysing av stillinga. Denne vart og sendt til påtroppande sokneprest som hadde høve til å kommentera, til Sigrun G. Moen for reinskriving, og til organist og tilsett-representant/verneombod til orientering. Ikkje alle responderte grunna ferie.

Annonsa vart så sendt til Webcruiter som er rekrutteringsselskapet Den norske kyrkja brukar, med søknadsfrist 20. august. Annonsane frå det finn vi på 'kyrkjejobb.no', og dei vart og lagt ut på nav.no. I tillegg har kyrkjevevja latt 'Yrkesfokus.no' promotera annonsa målretta på Facebook, og vi har den sjølv sagt på eiga Facebookside, og frå 30. juli på eiga nettside. ([Direktelink til annonsa](#)) Pr. 31.7 har vi ein søkjar. (Framleis berre den eine pr 15.8.)

Kyrkjevevja foreslår fylgjande til tilsetjingsutval i denne saka: Marit Sørby, leiar av soknerådet, Astrid Breivik, soknepresten, organisten og kyrkjevevja. I tilfelle ein av desse vert inhabil, er det framleis nok folk i komiteén. Kyrkjevevja foreslår at tilsetjingsutvalet har heile prosessen med tilsetjing: Går gjennom søknadane, kallar inn til og gjennomfører intervju, hentar inn referansar og tilset. Om SR ynskjer meir deltaking, kan dei be komiteen laga prioritert innstilling og overlate tilsettinga til SR.

#### **Forslag til VEDTAK i AU:**

AU tilrår at fylgjande blir utnemnde til tilsetjingsutval i denne saka: Marit Sørby, leiar av soknerådet, Astrid Breivik, soknepresten, organisten og kyrkjevevja. Tilsetjingsutvalet har heile prosessen og tilset.

#### **VEDTAK i AU:**

AU tilrår at fylgjande blir utnemnde til tilsetjingsutval i denne saka: Marit Sørby (leiar av soknerådet), Astrid Breivik (SR og trusopplæringsutvalet), soknepresten, organisten og kyrkjevevja. AU meiner og at tilsetjingsutvalet kan ta heile prosessen og får mynde til å tilsetja i denne saka.

Det er pr. 15.aug. dialog med fleire potensielle søkjarar.

#### **Forslag til VEDTAK i SR:**

Soknerådet utnemner fylgjande til tilsetjingsutval i denne saka: Marit Sørby (leiar av soknerådet), Astrid Breivik (SR og trusopplæringsutvalet), soknepresten, og organisten og kyrkjevevja. Tilsetjingsutvalet tar heile prosessen vidare og får mynde til å tilsetja ny trusopplærar.

Annonsane låg ute på nett på WBcruiter / kirkejobb.no og NAV frå 18. juli, og på yrkesfokus.no frå 22. juli.

Før søknadsfristen gjekk ut 20. august, var det kome inn 4 søknadar. Det er Torill Solli (65), Tone Susanne Kvasjord (26), Gunnhild Sveinsdotter Breidalen (45), og Marie Salmelid Solbekk Wærmo (35). Sidan sistnemnde er kyrkjevevja si dotter, er han inhabil og kan han ikkje vere med i tilsettingsutvalet.

#### **VEDTAK i SR:**

Soknerådet utnemner fylgjande til tilsetjingsutval i denne saka: Marit Sørby (leiar av soknerådet), Astrid Breivik (SR og trusopplæringsutvalet), soknepresten og organisten. Tilsetjingsutvalet tar heile prosessen vidare og får mynde til å tilsetja ny trusopplærar. Utvalet vert leia av Marit S. med organisten som sekretær.

SR-sak 35.24 SR	Komitéar	MS
<p><b>Festkomité for vigslina av sokneprest 11. august</b> gjorde ein god jobb under leiing av Soknerådsleiar Marit Sørby. SR takkar for alt god engasjement i kyrkja og på Misjonshuset for denne dagen!</p> <p><b>Forslag til komité for Kyrkjelydsbasar 30. november</b> Kyrkjevevja kallar inn og leier komiteen. Andre som har takka ja på førespurnad om å vere med, er Marit Sørby, Gunhild Dobbe, Dagfinn Køhn og Jørgen Moen (ikkje onsdagar) Kirsti Skjæveland er med på basaren, men ynskjer vanlegvis ikkje å ville vere med i komiteen. Få med dansegruppa frå kulturskulen. Barnegospel blir med.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Komité for Kyrkjelydsbasar 30. november vert kyrkjevevja, som kallar inn og leier komiteen, Marit Sørby, Gunhild Dobbe, Dagfinn Køhn og Jørgen Moen. Kirsti Skjæveland er med på basaren, men vil ikkje være med i komiteen.</p>		
SR-sak 36.24 SR	Eventuelt	MS
<p>Kyrkjevevja sender ut SMS som påminning om SR-møta 1-2 dagar før kvart møte. Alle må seie ifrå viss dei ikkje kan møte, så vi får tid til å kalla inn vara. Ordføraren seier sjølv frå til sin personlege vara, Jonn Foldøy, viss han ikkje kan møte. Kyrkjevevja sender både innkalling og referat til J. Foldøy og.</p>		

Møteslutt 20.10  
Ref. SGM og KrS